



**DEN NORSKE KIRKE**  
**Kyrkjebø sokneråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 Høyanger  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 28.08.23.

**Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd**

Møtedato: 24.08.23.  
Møtetid: kl. 19.00.  
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

**Til stades:**

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim og Andreas Ester. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

**Kopi av møteboka går til:**

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste**

**Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

**Godkjenning av referat frå møtet 25.05.23.**

Det var ingen merknad til referat frå møtet 25.05.23.

**Sidan sist.**

Sidan sist har det vore avvikla opa kyrkje, gudsteneste i Måren og på Vadheimsstølen og dugnad på Vadheim gravplass.

**Postlista.**

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

**Soknepresten har ordet.**

Soknepresten tala om konfirmasjonspresentasjonen som vil finne stad i gudstenesta 27.08.23. Soknepresten ynskte å vinkle denne gudstenesta som ei talentgudsteneste, jamfør Matteus kap. 25.

**Meldingssaker:**

**230013: Pianotrekket.**

Leiar vil kontakte Aas Salmakeri etter 04.09. for å høyre korleis soknerådet si bestilling av nytt pianotrekk ligg an.

**230014: Arbeid på gravplassane framover. Jmf sak 0012/23.**

Gartnar i kommunen er «ute av drift», og difor vil leiar i soknerådet høyre om Sigmund Folkestad kan ta på seg arbeidet med å frisere og felle tre ved Kyrkjebø gravplass. Ved

Vadheim gravplass vil Harald Støfringsdal og Sveinung Hovland ta arbeidet med å felle tre i samråd med grunneigar Svein Rune Kyrkjebø.

**230015: Kantor har permisjon frå 15.09.23.**

Kantor har ½ års permisjon frå 15.09. og kyrkjekontoret arbeider no med å finne vikarløysingar i høve musikk i kyrkja.

**230016: Årshjulet.**

Leiar oppdaterte årshjulet saman med soknerådsmedlemmane.

**Vedtakssaker:**

**Sak 0016/23: Kyrkjekunstkvelen 29.10.23.**

Vedtak: *Soknerådet finn at føremålet er innanfor statuttane for bruk av gåvemidlar frå stiftinga Kyrkjebø kyrkjelydshus. Kostnadane ved arrangementet vert difor å dekke av dei bundne midlane. Ved arrangementet bør ein selje billetter og/eller oppmode om å gje gåve til kyrkja.*

**Kl 20.15. Møte i valstyret: Alle listekandidatane er inviterte til denne del av møtet.**

Ingen av listekandidatane møtte.

Valstyret fordelte oppgåver i samband med førehandsrøystinga og på valdagen.

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær